

## Åpning av kafeen

- Slå på lyset, brytarar på vegg i serveringslokale og i kjøken.
- Lag kaffi, kakao og vaffelrøre, oppskrifter på kjøleskapet.
- Slå på kasse og sjekk at der er vekslepengar, instruks ligg ved kassa.
- Varm opp to panner med pølsevatn, ei med buljong og ei utan (glutenfrie pølser).
- Slå på smørbrødgrill, ca 170 grader.
- Klargjer sjølbetjeningsområdet
  - Sett ut kaffi, kakao, vatn, glas og krus.
  - Sett ut syltetøy og rømme.
  - Sett ut løk, ketchup og sennep .
  - Fyll opp sjokoladen.
  - Steik vafler og legg dei på eit fat i sjølbetjeningsområdet. Husk koppehandduk under og over.
- Lag nokre toast slik at det er enkelt å varme ved bestilling.
- Rydd ut av oppvaskmaskin. Bruk program som tar ca 1 time. (står på maskina)
- Slå på kjøkkenavtrekket ved behov, panel over komfyr.
- Sørg for at det alltid er reint og ryddig, husk **reine hender** heile dagen!

## Undervegs

- Rydd i kafeen, husk loftet, kast søppel og tørk av bord når gjestane reiser seg.
- Rydd og reingjer bord og benker utandørs ved behov.
- Rydd inn i oppvaskemaskina, sett den på når den er full.
- Sjekk lagerbeholdning, noter det som manglar. Sjekk med den andre kafeen.
- Sjekk toalett og etterfyll papir og såpe. Nøkkel i skapet på dametoalettet.
- Fjern snø frå bord og benker utandørs ved behov.
- Fyll opp brus-kapet, gammal brus fremst.

## Stenging av kafeen

- Brukte kluter skal leggest i eigen pose/kurv og leverast til Solveig.
- Tøm ut den varme drikken, reingjer kanner.
- Rydd inn i oppvaskemaskina og sett den på.
- Vask kvasse kniver, dei skal ikkje i vaskemaskina.
- Gjer reint på kjøkkenet.
- Tørk av bord og sett stolar opp på borda.
- Mopp gulvet, husk loftet.
- Skift søppeposer. Søppelet skal leggest i søppecontainer.

## Vakter

Vakter i anlegget og skipatroljen samt dei tilsette får **gratis varm drikke og vafler** samt produkt som blir seldt som vafler (**boller, kanelnurr osv**). Ikkje noko anna.

## Generelt:

Av miljøhensyn skal det i størst mulig grad brukast krus til varm drikke og glas til vatn. Pappbeger brukast når vi er lens for krus og til dei som ønsker å ta med drikke ut.